



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Utviklinga i kommuneøkonomien

Møre og Romsdal

2016



FORORD

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir kvart år ut ein rapport som viser hovudtrekka i utviklinga av kommuneøkonomien i fylket. Rapporten inneheld eit utval av indikatorar som seier noko om den økonomiske situasjonen for kommunane, både den einskilde og samla. Vi har òg med tal for alle kommunane i Noreg utanom Oslo (fordi Oslo òg fungerer som fylkeskommune) som referanseverdi.

Rapporten kan vere aktuell lesing for politikarar, tilsette i administrasjonen i kommunane, forvaltningsorgan på fylkes- og regionalt nivå, innbyggjarar i Møre og Romsdal og andre som har interesse for kommunane sin økonomi.

Tala som er presentert i rapporten er i hovudsak henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB), kor hovudvekta av tala er henta frå KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering). Rundt 15. juni kvart år publiserer SSB endelige rekneskapstal frå det føregåande året. Om det ikkje har blitt opplyst om andre kjelder, så er alle figurar og tabellar basert på tal frå SSB. Rapporten inneheld òg tal som er innhenta og samanstilt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), og dessutan tal frå kommunane sine årsrekneskapar med notar. Tala som blir nytta er på konsernnivå. Det vil seie tal for heile kommunen, inkludert kommunale føretak, interkommunale samarbeid og interkommunale selskap. Tala er henta frå både nivå to og tre i KOSTRA. For å få ei meir inngående oversikt over økonomien i den einskilde kommune, viser vi til rekneskapane.

Molde, 30. juni 2017

INNHOLD

FORORD	3
1 INNLEIING	5
2 FRÅ BRUTTO DRIFTSRESULTAT TIL NETTO DRIFTSRESULTAT	7
2.1 Brutto driftsresultat	9
2.2 Eksterne finanstransaksjonar	10
2.3 Netto driftsresultat	12
3 INVESTERINGAR OG LÅNEGJELD	16
3.1 Investeringar	17
3.2 Lånegjeld	21
3.2.1 Finansiering av langsiktig gjeld med korte lån	26
4 FOND.....	31
5 GARANTIAR.....	33
6 FOLKETALSENDRING OG PROGNOSE.....	35
7 EIGEDOMSSKATT	40
8 ROBEK	41
APPENDIKS.....	43
KJELDER	45

1 INNLEIING

Eit av dei overordna måla til kommunane må vere å kunne yte eit best mogleg tenestetilbod til innbyggjarane over tid. For å kunne sikre innbyggjarane høgast mogleg velferd må kommunen utnytte tilgjengelege ressursar effektivt. I tillegg til eit godt lokaldemokrati, krev dette ei forsvarleg forvaltning av kommuneøkonomien.

Veksten i inntektene i kommuneøkonomien er ikkje venta å bli høgare i åra som kjem enn det den har vore dei siste åra. Den meirskattetilgangen kommunane opplevde i 2016, skuldast ekstraordinære tilhøve, og kommunane vil ikkje få ei liknande draghjelp i åra som kjem.

Ei særleg stor utfordring i åra framover er at det blir færre yrkesaktive per pensjonist. Mange kommunar i Møre og Romsdal har allereie ei relativt stor gruppe eldre. For å møte behova til innbyggjarane i framtida og samtidig ha balanse i kommuneøkonomien, krev dette god planlegging og harde prioriteringar frå kommunane.

Netto driftsresultat er hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunane. Måler vi netto driftsresultat i høve til brutto driftsinntekter så har dette nøkkeltalet auka frå 2,2 prosent i 2015 til 3,5 prosent i 2016 for Møre og Romsdal. Isolert sett er dette eit solid resultat og ei stor forbetring, ikkje minst samanlikna med det tunge året i 2014, kor netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter var nær null prosent. To kommunar i Møre og Romsdal pådrog seg eit negativt netto driftsresultat i 2016.

Likevel er netto driftsresultatet i Møre og Romsdal lågare enn for landet i heilskap. Dette gjeld også for føregåande år. Tilrådinga frå Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) er at netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter over tid i gjennomsnitt bør vere minst 1,75 prosent.

Kommunane i Møre og Romsdal er i det nedre sjiktet for netto driftsresultat, og har den nest høgaste gjelda samla sett målt i netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Fleire av kommunane i fylket er blant dei med høgast gjeld i landet. Den samla netto lånegjelda i prosent av brutto driftsinntekter i fylket er 100,5 prosent, berre Finnmark ligg over. Til samanlikning er talet for landet utanom Oslo 78,2 prosent.

Lånegjelda til kommunane vil utan tvil auke dei kommande åra. Vekst i innbyggartal og endra alderssamansettning, krev nye investeringar. Men dette skuldast truleg òg forventningar om framleis låge innlånsrenter, og det faktum at fleire kommunar nyleg har blitt meldt ut av ROBEK, ikkje minst

inneverande år. Mange kommunar har derfor eit investeringsetterslep, som krev ekstern finansiering i lånemarknadane.

Sjølv om det er forventa framleis låge lånerenter i lang tid framover, så vil den nærmast kontinuerlege gjeldsoppbygginga vere bekymringsverdig. Det er innlysande at ein høgare gjeldsbase gjer kommunane meir sårbare for framtidige renteaukingar. Særleg kan dette slå hardt ut for kommunar som hentar mykje av lånefinansieringa i sertifikatmarknaden. Sertifikat er gjeldspapir som har ei laupetid opp til tolv månader. Det har vore særleg lønsamt med korte lån dei seinare åra sidan «spreaden» mellom kortsiktig og langsiktig gjeldsfinansiering har auka. Likevel er kortsiktig finansiering forbunde med auka refinansieringsrisiko. I kommunane sitt tilfelle er denne risikoen stort sett forbunde med risikoen for å måtte refinansiere låna til mykje därlegare lånevilkår.

For å unngå underskot i rekneskapen må kommunane ta høgde for svingingar i inntekter og utgifter. Dette gjerast best ved å bygge opp ein buffer. Kva som er den hensiktsmessige storleiken på denne bufferen vil kunne variere frå kommune til kommune. Men generelt er det anbefalt at eit disposisjonsfond er på minst fem prosent av brutto driftsinntekter. I Møre og Romsdal har dei fleste kommunane lite oppsparte midlar i disposisjonsfond, sjølv om det var mange som fekk eit etterlengta påfyll i 2016.

Alternativet til disposisjonsfond med tanke på å unngå underskot i drifta er å oppnå eit positivt netto driftsresultat i alle år, noko som er ønskeleg, men kan vere vanskeleg å oppnå viss ein ikkje har svært god kontroll på inntekter og utgifter til alle tider.

I Møre og Romsdal er seks, av opphaveleg ti, kommunar meldt ut av ROBEK i sommar, i samband med at rekneskapane for 2016 er vedtekne i kommunestyra og syner inndekking av tidlegare års underskot. Dette er svært positivt. Kommunane skal vere aktive pådrivarar i samfunnsutviklinga. For å få til dette er det naudsynt med god og langsiktig planlegging. Dette gjerast best utan at kommunane må underleggast statleg kontroll av økonomiske disposisjonar.

2 FRÅ BRUTTO DRIFTSRESULTAT TIL NETTO DRIFTSRESULTAT

I dette kapitelet vil vi sjå på eit utval av indikatorar som seier noko om den totale økonomiske situasjonen til kommunane. Nokre indikatorar skil seg ut som meir interessante og meiningsfulle å sjå på enn andre. Dei indikatorane vi har valt å sjå nærmare på i dette kapittelet seier noko om nivået på drifta i kommunane. Dei aktuelle indikatorane har fått ein kort definisjon under.

Brutto driftsinntekter (BDI) er dei totale driftsinntektene til kommunane. Inntekter frå rammetilskot, skatt på inntekt og formue, brukarbetalingar, eigedomsskatt, andre sals- og leigeinntekter, overføringer med krav om motyting og andre overføringer er inkludert i brutto driftsinntekter. Renteinntekter, utbytte og gevinst frå finansielle instrument er ikkje inkludert.

Brutto driftsresultat (BDR) er brutto driftsinntekter (BDI) trekt frå driftsutgifter utanom renter og avdrag. Dette resultatet skal dekke netto rente- og avdragsutgifter samt eventuelle pliktige avsetningar.

Renteinntekter, utbytte og eigaruttag er saman med kursgevinstar vedkomande finansielle instrument det vi kallar eksterne finansinntekter.


Motpost avskrivningar annullerer avskrivningar, som inngår i brutto driftsresultat, slik at ein får netto driftsresultat.

Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter er saman med kurstap vedkomande finansielle instrument og avdragsutgifter det vi kallar eksterne finansutgifter.

Netto driftsresultat (NDR) er resultatet som kjem fram når renter og avdrag er trekt frå brutto driftsresultat. Skilnaden mellom brutto- og netto driftsresultat viser kor stor del av inntektene i kommunane som går med til å betale renter og avdrag. Ein kommune kan òg ha eit betre NDR enn BDR dersom ein har større eksterne finansinntekter enn eksterne finanskostnader. Eit positivt NDR vil seie at kommunen har opparbeidt seg ein økonomisk handlefridom som kommunen kan nyte godt av ved eit seinare høve; til dømes til eigenfinansiering av investeringar. Viser netto driftsresultat eit underskot, må kommunen nytte tidlegare avsetningar til å finansiere året sine driftsutgifter. NDR er sett på som den viktigaste enkeltståande indikatoren for korleis den økonomiske situasjonen er i kommunen. Over tid er det ei tilråding at NDR er minst 1,75 prosent (fom 2014) av brutto driftsinntekter for kommunane. Då vert formuebevaringsprinsippet ivaretake.

Nedanfor i figur 1 er alle postane frå brutto driftsresultat til netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter oppstilt for dei fem seinaste rekneskapsåra. Nøkkeltala syner gjennomsnittet for kommunane i Møre og Romsdal.

Figur 1
**Frå brutto driftsresultat til netto driftsresultat i prosent av
brutto driftsinntekter, 2012-2016**
Møre og Romsdal



For kommunane i Møre og Romsdal samla, blei det eit netto driftsresultat på 3,5 prosent av brutto driftsinntekter i 2016. Resultatet for landet utanom Oslo vart til samanlikning 4 prosent. Både for fylket og landet er dette det nest høgaste resultatet, etter 2006, på 2000-talet. Den viktigaste årsaka til dei gjennomgåande høge netto driftsresultata for kommunane, er at ekstraordinære høge skatteinntekter gjorde seg gjeldande i fullt monn i 2016.

Det er verdt å merke seg frå figur 1 at i gjennomsnitt betalar kommunane eitt prosentpoeng mindre i avdrag enn kva avskrivingane tilseie. Dette inneber at kommunane skyv kostnadane framfor seg, noko som ikkje samsvarar med ivaretaking av generasjonsprinsippet.

2.1 BRUTTO DRIFTSRESULTAT

Tabell 1			
Brutto driftsresultat i prosent av BDI			
Kommunar	2014	2015	2016
1502 Molde	-1,2	4,7	5,3
1504 Ålesund	-1,4	2,8	3,1
1505 Kristiansund	-0,9	1,2	4,3
1511 Vanylven	1,9	3,2	4,3
1514 Sande	-2,6	-4,8	0,5
1515 Herøy	-6,4	-0,2	4,6
1516 Ulstein	3,7	4,9	4,6
1517 Hareid	2,0	2,3	4,9
1519 Volda	2,6	3,1	2,4
1520 Ørsta	2,1	3,9	1,5
1523 Ørskog	-5,9	-2,9	0,7
1524 Norddal	-1,1	0,3	1,0
1525 Stranda	7,0	3,8	9,9
1526 Stordal	4,8	-1,2	-4,2
1528 Sykkylven	-0,8	3,3	5,0
1529 Skodje	-0,7	3,7	4,1
1531 Sula	-0,8	2,2	3,2
1532 Giske	0,9	0,7	3,6
1534 Haram	1,7	0,8	1,1
1535 Vestnes	1,7	1,2	-0,4
1539 Rauma	0,0	-0,9	2,8
1543 Nesset	0,2	1,3	1,3
1545 Midsund	1,3	2,5	3,0
1546 Sandøy	-2,5	-2,7	-1,3
1547 Aukra	17,4	16,1	24,6
1548 Fræna	2,3	5,6	5,1
1551 Eide	0,4	2,1	-1,1
1554 Averøy	3,5	5,0	4,0
1557 Gjemnes	8,5	6,7	5,4
1560 Tingvoll	1,0	3,7	2,8
1563 Sunndal	1,9	2,8	3,0
1566 Surnadal	-1,0	-0,5	0,1
1567 Rindal	-3,5	-1,0	3,3
1571 Halsa	5,5	7,3	7,0
1573 Smøla	-4,1	0,4	2,4
1576 Aure	2,1	5,9	7,8
Møre og Romsdal	0,5	2,8	4,0
Landet u/Oslo	0,7	2,5	3,7

Tabell 1 syner brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter for kommunane i Møre og Romsdal dei tre siste åra kor rekneskapen er avgjort. Dei aggregerte driftsinntektene trekt frå driftsutgiftene gir brutto driftsresultat. Negativt brutto driftsresultat inneber at utgiftene i drifta er høgare enn driftsinntektene. For ikkje å få eit underskot i driftsrekneskapen må ein då nytte oppsparte midlar frå tidlegare overskot, eventuelt positive bidrag frå kommunen sine finanstransaksjonar.

Tabellen syner ei positiv utvikling i brutto driftsresultat. Året 2014 var eit tungt år i kommuneøkonomien, medan 2015 og særleg 2016 var lystigare når ein ser på kommuneøkonomien samla, både for fylket og for landet.

Vi ser frå tabell 1 at det var fire kommunar i Møre og Romsdal som hadde eit negativt brutto driftsresultat i 2016. Sjølv med ubalanse i drifta var det ingen av desse som pådrog seg underskot i rekneskapen for 2016. Til samanlikning var det 14 og 8 kommunar med negativt brutto driftsresultat i høvesvis 2014 og 2015.

Om vi ser bort frå Aukra, som har store inntekter frå skatt på eigedom, kan vi sjå at fleire kommunar som nyleg har vore registrert i ROBEK, har høge brutto driftsresultat. Dette er naturleg sidan desse kommunane har vore tvinga til å redusere driftsutgiftene sine. Stranda kommune har til dømes eit brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter på nær 10 prosent i 2016.

2.2 EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR

Tabell 2 Netto finantransaksjonar i prosent av BDI			
Kommunar	2014	2015	2016
1502 Molde	5,5	6,7	6,1
1504 Ålesund	5,3	5,9	5,9
1505 Kristiansund	4,9	5,0	5,7
1511 Vanylven	3,9	4,2	3,5
1514 Sande	2,5	3,3	3,7
1515 Herøy	4,5	4,5	3,4
1516 Ulstein	7,0	8,6	9,0
1517 Hareid	5,2	4,5	4,2
1519 Volda	4,6	4,1	3,8
1520 Ørsta	3,0	3,0	3,0
1523 Ørskog	3,4	4,7	5,5
1524 Norddal	6,6	8,0	7,0
1525 Stranda	12,1	10,8	8,5
1526 Stordal	5,3	5,0	4,7
1528 Sykkylven	4,3	-1,0	3,0
1529 Skodje	5,0	5,7	4,7
1531 Sula	3,9	4,6	4,8
1532 Giske	9,3	9,3	8,6
1534 Haram	4,2	5,4	5,2
1535 Vestnes	3,8	5,3	2,7
1539 Rauma	3,4	3,5	2,4
1543 Nesset	4,7	4,0	3,8
1545 Midsund	4,3	4,1	4,4
1546 Sandøy	3,6	5,1	2,5
1547 Aukra	5,5	5,1	4,4
1548 Fræna	4,1	4,4	3,8
1551 Eide	4,0	4,4	4,2
1554 Averøy	6,9	6,5	6,7
1557 Gjemnes	4,8	4,6	3,8
1560 Tingvoll	8,0	7,9	7,5
1563 Sunndal	2,3	2,6	3,3
1566 Surnadal	3,4	2,8	3,7
1567 Rindal	4,0	3,8	3,8
1571 Halsa	6,1	5,3	4,7
1573 Smøla	4,8	5,3	4,3
1576 Aure	4,4	4,7	5,1
Møre og Romsdal	5,0	5,2	5,0
Landet u/Oslo	3,8	4,0	4,0

tillatne avdrag, eller minimumsavdraget,

Resultata frå dei eksterne netto finansieringstransaksjonane i prosent av brutto driftsinntekter er framstilt i tabell 2. Nærmore bestemt er netto eksterne finansieringstransaksjonar differansen mellom eksterne finansutgifter og eksterne finansinntekter. Finansutgiftene består i hovudsak av renteutgifter, avdrag og tap på finansielle instrument. Finansinntektene består i hovudsak av renteinntekter, utbytte og eigaruttkak, samt gevinst på finansielle instrument. Utlån og mottatte avdrag er òg inkludert i dette nøkkeltalet.

For kommunane vil finantransaksjonane vanlegvis representera ei netto utgift. Berre i spesielle tilfelle vil ein oppleve det motsette, som til dømes for Sykkylven i 2015, jf. tabell 2. Dermed er kommunane avhengige av eit positivt brutto driftsresultat, eller oppsparte midlar, for ikkje å få eit underskot i drifta.

Tabell 2 syner at dei tre kommunane med høgast gjeld i fylket òg er dei med høgast finansutgifter. Det er heller ikkje overraskande at finansutgiftene er klart høgare for kommunane i fylket enn for resten av landet (u/Oslo), då kommunane i Møre og Romsdal har nest høgast lånegjeld i landet. I Møre og Romsdal gjekk 5 prosent av driftsinntektene i 2016 med til å dekke avdrag og netto renter, medan for resten av landet (u/Oslo) var dette talet 4 prosent.

Frå figur 1 ovanfor såg vi at låneavdraga til kommunane i gjennomsnitt er mindre enn kva avskrivingane tilseier. I berekninga av det minste kan kommunane velge mellom den såkalla

reknearksmodellen og *forenkla metode*. Den totale summen som skal betalast tilbake til kreditorane er naturlegvis den same for begge metodane, men avdragsprofilane er ulike.

Fleirtalet av kommunane i Møre og Romsdal nyttar «reknearksmodellen». Denne metoden medfører relativt låge avdrag i starten av nedbetalinga av gjelda, og relativt høge avdrag på slutten av nedbetalinga. Dette fører til at kommunane i ein viss forstand utset noko av avdragsbetalingane til seinare, det vil seie at dei skyv kostnadane fram i tid.


I ny kommunelov, som mest sannsynleg blir gjeldande frå hausten 2019, er det lagt opp til at denne modellen går ut. Dette er ei følge av at avdragsprofilen på lånegjelda ikkje samsvarar med (det teoretiske) kapitalslitet.

Ved ein overgang til ein modell (forenkla metode) kor avskrivingane bestemmer avdragstakta, vil fleire kommunar få ei betydeleg auke i avdragsbelastninga dei komande åra.

2.3 NETTO DRIFTSRESULTAT

Netto driftsresultat blir sett på som hovudindikatoren for den økonomiske situasjonen i kommunane. Netto driftsresultat viser overskotet, eller underskotet, etter at alle årets utgifter er trekt frå alle årets inntekter. Netto driftsresultat viser på den måten kor stor del av inntekta for året som er igjen til disposisjon, eller som må bli dekka av oppsparte midlar. Dei frie midlane i netto driftsresultat kan nyttast til å finansiere investeringar eller bli avsett til seinare år. Om kommunen får eit negativt netto driftsresultat, må det dekkast ved å nytte tidlegare avsette midlar og/eller stryke budsjetterte avsetningar, for å unngå meirforbruk.


Teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at netto driftsresultat for komunesektoren bør utgjere om lag 1,75 prosent (frå og med 2014, tidlegare 3 prosent) over tid for at formuebevaringsprinsippet skal bli ivaretatt. Det tilrådde nivået på netto driftsresultat kan variere frå kommune til kommune, særleg knytt til graden av lånefinansieringa i kommunen. Om ein kommune betaler mykje over minste tillatne avdrag, vil den framleis ivareta formuen sjølv om netto driftsresultat er lågare enn 1,75 prosent. Om kapitalslitet i ein kommune er høgare enn betalte avdrag, så stiller det høgare krav til eit godt netto driftsresultat for at formuen skal bli ivaretatt.



Figur 2 syner netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter dei siste fem åra for fylka og landet (u/Oslo). Resultata for det einskilde fylke er basert på simpelt årleg gjennomsnitt gjennom femårsperioden.

Av figur 2 ser vi at netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter for Møre og Romsdal er på to prosent. Dette er blant dei lågare netto driftsresultata i landet. Landet utanom Oslo hadde til samanlikning eit netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter på 2,8 prosent. Netto driftsresultatet bedra seg vesentleg for kommunane på landsbasis i 2015 og 2016. Ein må tilbake til 90-talet for å finne to etterfølgande år med netto driftsresultat i denne storleiken. Dette gjer seg òg utslag på tal registrerte kommunar i ROBEK. Det er venta at det vil vere om lag 30 kommunar registrert i ROBEK på landsbasis inneverande år, det nest lågaste var i 2009 då 42 kommunar var innmeldt i ROBEK, sjå kapittel 8.

Figur 3
Netto driftsresultat i prosent av BDI, 2012-2016



Ekstraordinære skatteinntekter gjorde seg sterkt gjeldande i kommunane i 2016. Desse meirskatteinntektene på mellom 12 og 14 milliardar kroner skuldast tilpassing til skattereforma kor

utbytteskatten vart heva frå 27 til 28,75 prosent (på dåverande tidspunkt). Utbytte og andre eigaruttak førte dermed til at ekstra store inntekter kom til skattlegging i 2016.

På same måte som for fylka i figur 2 syner figur 3 netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter for kommunane i Møre og Romsdal dei fem seinaste åra. Resultata for den einskilde kommune er basert på eit simpelt årleg gjennomsnitt gjennom femårsperioden.

Frå figur 3 merker vi oss at heile 14 kommunar i fylket har eit netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter som er 0,8 prosent (Ålesund) eller lågare. Vidare ser vi at dei tre største byane i fylket har hatt til dels svake netto driftsresultat i femårsperioden. Molde kommune har rett nok hatt solide nettoresultat dei to siste åra på høvesvis 3,2 og 4,6 prosent, jf. tabell 3 nedanfor.

Av dei fem kommunane med lågast netto driftsresultat, har fire av desse færre enn 3000 innbyggjarar. Kommunar som Gjemnes, Halsa og Vanylven derimot, har solide netto driftsresultat i femårsperioden. Det same gjeld for dei noko gjeldstynga kommunane Stranda og Ulstein.

Tabell 3 nedanfor syner utviklinga i netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter for kommunane i Møre og Romsdal dei siste tre åra. Frå tabellen ser vi at mange kommunar har hatt solide netto driftsresultat i 2016. To kommunar har likevel negative netto driftsresultat i 2016. Samanliknar vi resultata med 2014, ser vi at i dette året var det heile 17 kommunar som fekk eit negativt netto driftsresultat.

Ein fjerdedel av kommunane i fylket, det vil seie ni i talet, har i denne perioden hatt eit netto driftsresultat som ligg over 1,75 prosent, jf. tilrådinga frå TBU, for alle tre åra. For nokre kommunar kan netto driftsresultat svinge i ekstra stor grad som følge av tilførte midlar delvis utanfor kommunen sin kontroll. Dette gjelder til dømes Herøy, kor tilskot i RDA-midlar¹ i 2016 løfta resultatet nær tre prosent.

¹ Næringsretta midlar til regional utvikling.

Tabell 3**Netto driftsresultat i prosent av BDI, 2014 - 2016**

Kommunar	2014	2015	2016
1502 Molde	-1,7	3,3	4,6
1504 Ålesund	-1,9	1,8	2,1
1505 Kristiansund	-1,9	0,5	3,4
1511 Vanylven	2,1	3,5	5,1
1514 Sande	-0,5	-3,1	1,6
1515 Herøy	-6,2	0,6	6,3
1516 Ulstein	1,8	2,8	2,1
1517 Hareid	1,8	2,6	4,4
1519 Volda	1,9	3,1	2,7
1520 Ørsta	2,6	4,3	2,5
1523 Ørskog	-4,5	-2,6	0,3
1524 Norddal	-1,9	-1,7	0,7
1525 Stranda	2,1	0,1	6,8
1526 Stordal	4,6	-0,8	-3,3
1528 Sykkylven	-1,1	8,3	5,9
1529 Skodje	-1,5	1,9	3,5
1531 Sula	0,1	2,4	3,3
1532 Giske	-3,4	-2,9	1,0
1534 Haram	2,2	0,1	0,3
1535 Vestnes	1,3	-0,6	0,5
1539 Rauma	-0,5	-1,3	3,4
1543 Nesset	-0,6	1,6	1,7
1545 Midsund	0,0	1,5	2,0
1546 Sandøy	-1,3	-2,5	1,5
1547 Aukra	18,2	17,7	26,8
1548 Fræna	1,6	4,7	4,9
1551 Eide	0,4	1,6	-1,4
1554 Averøy	0,6	2,8	1,6
1557 Gjemnes	7,5	6,2	5,9
1560 Tingvoll	-1,5	0,9	0,4
1563 Sunndal	3,2	3,6	3,0
1566 Surnadal	-0,5	0,8	0,5
1567 Rindal	-1,8	0,9	5,0
1571 Halsa	4,7	6,9	6,8
1573 Smøla	-3,0	0,8	3,0
1576 Aure	2,2	1,2	2,7
Møre og Romsdal	0,0	2,2	3,5
Landet u/Oslo	1,2	2,9	4,1

3 INVESTERINGAR OG LÅNEGJELD

Kommunane har ansvar for ei rekke områder som krev omfattande investeringar, til dømes grunnskule og infrastruktur. Utviklinga i lånegjelda er tett forbunde til investeringsaktiviteten i kommunane. Dess meir kommunen investerer dess større låneopptak må til for å finansiere investeringane.

I ein rapport² har Menon Economics identifisert følgande drivarar for norske kommunar sine investeringar og gjeldsopptak, som dei viktigaste:

- Innbyggartal
- Demografi
- Rentenivå
- Vekst i økonomien (med tanke på skatteinngang)
- Vekst i kommunale lønskostnader
- Driftsinntekter
- Driftsutgifter
- Tidlegare års gjeldsopptak

Som vi skal sjå i dette kapittelet, har kommunane i Møre og Romsdal den nest høgaste netto lånegjelda i landet. Målt i gjennomsnittlege brutto investeringsutgifter i prosent av gjennomsnittlege brutto driftsinntekter er investeringsnivået i fylket berre så vidt høgare enn gjennomsnittet for resten av landet dei siste fem åra.

Investeringane til kommunane i Møre og Romsdal er derimot i betydeleg større grad lånefinansiert, samanlikna med kommunar frå andre delar av landet.

Ein mogleg årsak til at kommunane i Møre og Romsdal må lånefinansiere ein større del av investeringane sine, er at kommunane har eit for høgt driftsnivå. Kommunane vil då ha relativt lite oppsparte midlar til finansiering av investeringane.

² Rapport: Oppdaterte prognosar for norske kommunar fram mot 2040: Investeringar og gjeld, MENON-publikasjonen nr. 31/2017.

3.1 INVESTERINGAR


Dei totale investeringsutgiftene for kommunane i 2016 vart på om lag 63 milliardar kroner. Tradisjonelt er det knytta størst investeringsutgifter for kommunane til grunnskule og vatn, avlaup og renovasjon (VAR). I 2016 var det også høgast investeringsutgifter innanfor grunnskule og vatn, avlaup og renovasjon, begge med om lag 19 prosent av dei totale investeringsutgiftene, jf. figur 4. Kommunale bustadar og helse og omsorg, er også tenesteområde som krev store investeringar, høvesvis 14 og 12 prosent av kommunane sine totale investeringsutgifter. Vidare investerte kommunane i 2016 noko i underkant av seks milliardar kroner innanfor både kultur og samferdsel, noko som utgjer om lag 9 prosent av dei totale investeringsutgiftene.

Figur 4
**Investeringsutgifter per sektor i prosent av brutto
investeringsutgifter 2016**



Kommunane sine investeringsavgjelder om kor mykje midlar som skal investerast innanfor dei ulike tenesteområda blir bestemt av ein rekke faktorar. Nasjonale politiske satsingsområde, og høgare

standardkrav innanfor bygningar og anlegg er to døme. Naturlegvis vil òg utvikling i innbyggartal og alderssamsetninga i kommunane legge klare føringar for investeringsbudsjetta, innanfor dei fleste av tenesteområda.




I figur 5 er brutto investeringsutgifter i perioden 2003 til 2016 målt i høvesvis milliardar kroner på den vertikale venstreaksen, medan brutto investeringsutgifter per innbyggjar er målt langs den vertikale høgreaksen. Kroneverdien er gjort om til 2016-kroner for heile perioden. Vi ser at investeringane syner dalande utvikling frå 2003 til 2005 og 2009 til 2012. I den grad kommunale investeringsutgifter heng saman med den makroøkonomiske konjunkturutviklinga, med eit etterslep, så ser ein indikasjonar på det her. Figur 6 nedanfor syner brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter i 2016 for Møre og Romsdal og landet utanom Oslo.

Innanfor eitt einskild år gir ikkje denne figuren all verden av informasjon ved samanlikning mellom kommunane tilhøyrande i Møre og Romsdal og kommunane i resten av landet. Vi ser likevel at investeringsutgiftene i barnehagar i fylket var svært låge i 2016. Ein skal ikkje tilbake meir enn to år før investeringane i barnehagar i Møre og Romsdal passerte investeringsnivået for kommunane på landsbasis. Frå tabell 4 nedanfor ser vi at brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter, både for Møre og Romsdal og landet utanom Oslo, har vore på om lag 0,6 prosent i gjennomsnitt dei siste fem åra for barnehagar.

Frå figur 6 ser vi òg at investeringsutgiftene til helse og omsorg har vore markert høgare i Møre og Romsdal enn for resten av landet i 2016, likevel skil ikkje investeringsutgiftene seg frå kvarandre når vi ser på gjennomsnittet for dei siste fem åra.

Figur 6
**Brutto investeringsutgifter per tenesteområde i prosent av
brutto driftsinntekter - 2016**



Tabell 4 nedanfor syner brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter i perioden 2012 til 2016. Tala er berekna som gjennomsnitt for perioden. Vi ser at det er små forskjellar i investeringsutgiftene mellom Møre og Romsdal og resten av landet, utanom Oslo, for tenesteområda, med unntak av vatn, avlaup og renovasjon, kor det er ein skilnad på 0,5 prosentpoeng, 2,1 versus 2,6 prosent.

Når vi ser nærmare på dei einskilde kommunane vil det vere store forskjellar mellom kommunane i fylket. Til dømes hadde Ulstein investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter på over 38 prosent, med svært store utgifter innanfor bustad og kultur, medan eit langt steinkast unna har Hareid kommune, som har vore registrert i ROBEK heile perioden, investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter på dryge 7 prosent. Å vere registrert i ROBEK har konsekvensar for investeringsnivået til kommunane. Ein annan kommune som har vore eit ivrig ROBEK-medlem er Sykkylven. Kommunen har nesten ikkje gjennomført investeringar i femårsperioden. Investeringsutgiftene i prosent av brutto driftsinntekter har for barnehage, helse og omsorg, og VAR, til saman vore 0,1 prosent. Dette tilseier eit stort investeringsetterslep i kommunen. Sykkylven er no meldt ut av ROBEK. Vi ser òg frå tabell 4 at det relative investeringsnivået i dei tre største byane har vore temmeleg likt, med berre ein variasjon på 0,9 prosentpoeng i femårsperioden.

Tabell 4

**Gjennomsnittlege brutto investeringsutgifter i prosent av gjennomsnittlege
brutto driftsinntekter 2012 - 2016**


	Adm. Styring	Barnehage	Grunnskule	Helse&omsorg	VAR	Kultur	Samferdsel	Bustad	Næring	Andre	SUM
Molde	0,8 %	0,9 %	2,1 %	0,4 %	2,7 %	2,2 %	1,2 %	3,5 %	0,1 %	1,1 %	15,0 %
Ålesund	0,4 %	0,1 %	4,3 %	1,8 %	2,6 %	1,1 %	2,1 %	0,9 %	0,8 %	0,7 %	14,8 %
Kristiansund	0,8 %	0,4 %	2,9 %	2,3 %	4,2 %	0,7 %	0,9 %	1,4 %	0,3 %	0,3 %	14,1 %
Vanylven	0,8 %	0,0 %	0,9 %	9,8 %	0,9 %	0,4 %	0,7 %	0,3 %	0,2 %	0,7 %	14,8 %
Sande	0,7 %	0,2 %	2,8 %	3,8 %	2,6 %	0,0 %	1,9 %	0,4 %	0,0 %	0,5 %	12,8 %
Herøy	1,2 %	0,1 %	1,2 %	2,0 %	1,8 %	2,5 %	2,6 %	0,9 %	0,6 %	1,3 %	14,2 %
Ulstein	0,4 %	0,1 %	0,1 %	0,6 %	3,3 %	13,3 %	6,6 %	10,9 %	2,1 %	1,2 %	38,4 %
Hareid	1,4 %	0,3 %	0,2 %	0,1 %	2,1 %	0,1 %	1,1 %	0,2 %	0,1 %	1,5 %	7,3 %
Volda	2,2 %	0,1 %	4,8 %	0,4 %	1,1 %	0,1 %	1,6 %	1,1 %	0,5 %	1,3 %	13,1 %
Ørsta	0,2 %	0,3 %	1,1 %	0,4 %	1,4 %	0,9 %	1,0 %	2,2 %	1,4 %	0,7 %	9,4 %
Ørskog	1,1 %	0,1 %	5,9 %	0,5 %	0,7 %	0,7 %	2,2 %	1,4 %	0,7 %	3,2 %	16,5 %
Norddal	1,2 %	0,1 %	0,5 %	0,0 %	0,3 %	8,8 %	0,8 %	0,2 %	1,5 %	2,3 %	15,6 %
Stranda	0,5 %	0,0 %	5,4 %	0,6 %	1,7 %	0,2 %	1,6 %	0,0 %	0,7 %	0,1 %	10,8 %
Stordal	1,0 %	0,3 %	5,2 %	3,0 %	6,6 %	1,4 %	0,7 %	0,2 %	0,0 %	1,3 %	19,6 %
Syklyven	0,3 %	0,0 %	0,9 %	0,1 %	0,0 %	0,2 %	0,8 %	0,3 %	0,0 %	0,8 %	3,4 %
Skodje	0,6 %	3,3 %	0,3 %	1,6 %	1,6 %	0,1 %	0,5 %	0,3 %	0,0 %	3,3 %	11,6 %
Sula	0,4 %	2,0 %	5,6 %	0,2 %	4,2 %	0,1 %	1,4 %	3,3 %	0,0 %	0,6 %	17,7 %
Giske	0,5 %	0,2 %	12,3 %	0,3 %	2,7 %	2,4 %	1,4 %	3,5 %	0,8 %	0,4 %	24,4 %
Haram	1,8 %	0,2 %	1,6 %	5,7 %	0,8 %	0,0 %	0,9 %	0,7 %	0,1 %	0,6 %	12,3 %
Vestnes	0,1 %	0,4 %	0,4 %	0,5 %	0,8 %	0,3 %	1,8 %	0,3 %	0,6 %	1,1 %	6,2 %
Rauma	0,9 %	0,5 %	3,3 %	4,8 %	0,8 %	0,7 %	2,2 %	2,8 %	0,5 %	1,9 %	18,4 %
Nesset	0,3 %	0,9 %	1,6 %	0,7 %	1,6 %	3,4 %	1,1 %	0,8 %	0,0 %	0,9 %	11,3 %
Midsund	0,4 %	0,2 %	1,7 %	0,7 %	0,7 %	0,9 %	2,7 %	2,3 %	0,1 %	0,5 %	10,1 %
Sandøy	0,7 %	3,9 %	0,2 %	1,0 %	2,3 %	0,2 %	3,2 %	3,0 %	0,1 %	1,2 %	15,7 %
Aukra	0,3 %	2,6 %	11,8 %	2,1 %	2,4 %	0,3 %	2,8 %	1,8 %	1,0 %	1,9 %	26,9 %
Fraena	0,4 %	0,0 %	2,4 %	0,2 %	2,0 %	0,2 %	1,1 %	1,0 %	0,2 %	0,6 %	8,0 %
Eide	0,4 %	1,1 %	0,5 %	0,6 %	0,6 %	0,2 %	0,4 %	0,4 %	1,1 %	1,2 %	6,4 %
Averøy	4,3 %	0,8 %	3,0 %	0,3 %	1,2 %	0,1 %	1,2 %	3,6 %	0,0 %	0,7 %	15,2 %
Gjemnes	0,7 %	0,2 %	1,3 %	0,3 %	0,6 %	0,2 %	0,1 %	0,4 %	0,1 %	0,4 %	4,2 %
Tingvoll	1,0 %	3,4 %	0,3 %	1,1 %	1,7 %	0,1 %	0,7 %	0,4 %	0,1 %	1,9 %	10,7 %
Sunndal	0,5 %	0,9 %	0,5 %	1,9 %	0,8 %	0,7 %	0,6 %	1,2 %	0,1 %	0,4 %	7,7 %
Surnadal	0,4 %	0,5 %	0,8 %	1,6 %	0,6 %	0,1 %	0,7 %	1,4 %	0,4 %	0,6 %	7,2 %
Rindal	0,6 %	0,1 %	0,7 %	0,7 %	1,0 %	2,4 %	0,4 %	3,5 %	2,4 %	1,1 %	12,9 %
Halsa	0,5 %	0,4 %	10,2 %	0,9 %	0,2 %	0,2 %	0,6 %	0,6 %	0,0 %	0,6 %	14,2 %
Smøla	0,3 %	0,2 %	7,2 %	0,2 %	2,5 %	0,0 %	1,7 %	0,6 %	0,7 %	0,2 %	13,5 %
Aure	0,8 %	2,1 %	0,3 %	0,2 %	1,8 %	2,2 %	0,5 %	4,6 %	0,1 %	0,1 %	12,7 %
M & R	0,8 %	0,6 %	3,0 %	1,4 %	2,1 %	1,3 %	1,5 %	1,8 %	0,5 %	0,9 %	13,9 %
Landet u/Oslo	0,6 %	0,6 %	2,7 %	1,4 %	2,6 %	1,2 %	1,4 %	1,6 %	0,5 %	1,0 %	13,6 %

3.2 LÅNEGJELD

Kommunane er store aktørar i lånemarknaden. I tillegg til å nytte eigne midlar frå driftsinntekter og avsetningar, blir det henta inn ekstern finansiering frå lånemarknadane. Nær halvparten av låna er formidla gjennom Kommunalbanken AS, resten er kanalisiert gjennom sertifikat- og obligasjonsmarknadane og banklån i private bankar.

Netto lånegjeld er rekna som hovudindikatoren for å beskrive gjeldssituasjonen og for å samanlikne lånegjeld mellom kommunar. Figur 7 dekomponerer langsiktig gjeld ekskludert pensjonsforpliktingar, og viser lånegjelda i milliardar kroner, som ved utgangen av 2016 har passert 450 milliardar kroner.

Figur 7
Dekomponering av langsiktig gjeld



Kjelde: KMD

Utlån og unytta lånemidlar er ikkje medrekna i netto lånegjeld, jf. figur 7. Utlåna frå kommunen skal i utgangspunktet vere sjølvfinansierande. Unytta lånemidlar blir ikkje definert som netto lånegjeld før


dei er brukt, sjølv om dei representerer avdrags- og renteutgifter i årsbudsjettet. Vi ser at sjølvkostanlegg er definert inn under netto lånegjeld. Sjølvkostanlegga er likevel ikkje med i omgropa «avdragsgjeld» og «rentegjeld».

Avdragsgjelda er definert som netto lånegjeld når finansieringsordninga for sjukeheim der staten dekker både renter og avdrag er trekt frå. Resterande del av gjelta i netto lånegjeld må kommunekassa sjølv betale avdrag for.

Rentegjelta er netto lånegjeld når alle rentekompensasjonsordninga er trekt frå. Det utgjer den delen av lånegjelta der kommunekassa sjølv må dekke rentene.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter for alle fylka i 2016 er framstilt i figur 8. Kommunane i Møre og Romsdal har samla nest høgast netto lånegjeld i landet, berre forbigått av Finnmark.

Figur 8
Netto lånegjeld i prosent av BDI, 2016




Figur 9 nedanfor syner netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter for kommunane i Møre og Romsdal i 2015 og 2016.³ Vi ser at kommunane i fylket er godt representert blant kommunar med høgast lånegjeld i landet. Det er lite som tyder på at lånegjelta til kommunane i fylket vil gå ned med

³ For netto lånegjeld per innbyggjar, sjå appendiks side 43.

det første. Tvert i mot er det fleire kommunar som vil auke lånegjelda betrakteleg, ifølge budsjett og økonomiplanar for perioden 2017 – 2020. Ei høg lånegjeld i kommunane gir grunn til bekymring, særleg kan mange kommunar få det tungt ved rentehevingar. At det ikkje ligg inne rentehevingar i den rekordlåge styringsrenta i prognosane til Norges Bank dei neste par åra, bør ikkje ankerfeste blant kommunane ei forventning om eit lågt rentenivå i all framtid.

Figur 9
Netto lånegjeld i prosent av BDI 2015 og 2016



Sjølv om gjelda har meir enn dobla seg i kommunane dei siste 10 – 12 åra, så har ikkje gjeldskostnadane målt i brutto driftsinntekter gjort det same i denne perioden. Dette skuldast fallande rentenivå og at avdraga har vore relativt mindre samanlikna med gjelda, jf. bruken av reknearksmodellen.

Tabell 5 Lånefinansiering i prosent av brutto investeringsutgifter 2014 - 2016			
Kommunar	2014	2015	2016
Molde	75,8	89,3	86,1
Ålesund	78,8	77,6	81,5
Kristiansund	60,7	68,4	63,8
Vanylven	31,9	81,5	-16,0
Sande	61,8	47,2	48,0
Herøy	69,6	64,2	78,7
Ulstein	72,3	63,8	63,5
Hareid	46,2	63,7	43,1
Volda	56,3	68,6	74,2
Ørsta	7,8	66,8	60,5
Ørskog	66,3	112,7	77,3
Norddal	59,1	72,9	64,0
Stranda	6,4	28,5	20,9
Stordal	82,1	114,9	45,9
Sykylven	33,9	58,8	29,6
Skodje	67,2	136,2	98,6
Sula	78,8	86,3	83,6
Giske	82,9	98,0	68,1
Haram	80,3	82,1	83,6
Vestnes	64,5	-189,5	90,8
Rauma	73,2	65,0	67,5
Nesset	72,9	74,3	65,3
Midsund	54,9	71,9	79,1
Sandøy	46,9	40,6	89,3
Aukra	-2,4	6,5	85,3
Fræna	24,9	61,8	62,6
Eide	87,9	25,0	68,9
Averøy	66,6	68,5	46,7
Gjemnes	-1,7	71,3	43,6
Tingvoll	80,2	79,6	71,0
Sunndal	84,5	74,6	22,1
Surnadal	62,0	69,0	28,5
Rindal	58,8	60,1	95,8
Halsa	73,0	42,7	88,0
Smøla	47,7	62,5	76,7
Aure	7,7	83,5	55,8
M & R	65,7	68,7	71,6
Landet u/Oslo	67,0	60,4	59,4

Tabell 5 syner graden av lånefinansiering av brutto investeringsutgifter for treårsperioden mellom 2014 og 2016. Lånefinansieringa er rekna ut frå bruk av lån trekt frå utlån.

Dette nøkkeltalet gir ein indikasjon på kor stor del av investeringane i kommunen er finansiert av låneopptak.

Frå tabell 5 ser vi at lånefinansieringsgraden av investeringsutgiftene er minkande i treårsperioden for landet samla, medan den er stigande for kommunane i Møre og Romsdal. Lånefinansieringsgraden er meir enn tolv prosent høgare i Møre og Romsdal.

Frå tabell 4 ovanfor, såg vi at brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter ikkje skilde seg vesentleg (0,3 prosentpoeng høgare i Møre og Romsdal) mellom kommunane i Møre og Romsdal, og kommunane i resten av landet, over ein periode på fem år.

Dette gir ein klar indikasjon på at kommunane i Møre og Romsdal først og fremst nyttar meir låneopptak for å finansiere investeringar, enn resten av landet.

Alternativet til lånefinansiering er å bruke oppsparte midlar generert gjennom overskot i drifta, som blir avsett til disposisjonsfond.

Vi ser frå tabell 5 at kommunane i fylket har stor variasjon i lånefinansieringsgrad. Dette gjeld ikkje berre mellom kommunar, men òg innan ein kommune frå år til år, då periodar med mykje investeringar krev ein ekstra stor del lånefinansiering.

Renteeksponert gjeld er den delen av kommunen sin gjeld som direkte blir påverka av renteendringar. Verdiane frå dette nøkkeltalet er framstilt i tabell 6, som del av brutto driftsinntekter. Renteutgifter belastar driftsrekneskapen til kommunane direkte.

Tabell 6 Renteeksponert gjeld i prosent av BDI, 2014 - 2016			
Kommunar	2014	2015	2016
Vestnes	49,9	35,9	41,6
Aure	37,6	29,6	43,1
Fræna	42,8	40,5	43,9
Aukra	54,4	42,7	44,5
Sunndal	47,2	48,9	46,1
Vanylven	58,2	55,5	48,6
Gjemnes	54,1	51,3	49
Surnadal	..	51,4	50,2
Smøla	29,9	23,1	52,4
Hareid	..	53,6	53,1
Rindal	44,5	45,7	53,1
Sande	..	46,8	56
Ørsta	59,2	50,2	58
Kristiansund	52,2	54,5	59,4
Midsund	55,9	62,4	61
Halsa	70,8	69	66,4
Rauma	36,2	47,4	69,4
Skodje	75,8	72,4	71,2
Sandøy	55,4	55,4	71,2
Sykylven	79,8	63,5	71,4
Nesset	64,5	63,6	74,2
Ålesund	72,6	67,5	74,5
Tingvoll	83,5	80,7	75,3
Sula	65,8	66,5	75,8
Ørskog	55,4	59,7	80,6
Eide	79,7	75,6	81,2
Volda	70,3	72,7	81,7
Herøy	..	74,3	82,3
Averøy	93,2	95,8	92,1
Stordal	84,6	62,7	92,6
Haram	80	61,8	97,2
Molde	95,7	98,7	104,3
Giske	127,1	122,5	121,7
Norddal	104,8	117,4	122,9
Stranda	136	..	123,1
Ulstein	..	155,3	162,7

Som vi ser manglar nokre verdiar frå 2014, og ein frå 2015. Verdiane frå fylket samla og landet, er ikkje oppgitt av SSB. Nokre tilhøve tilseie òg at det kan vere noko støy i dei framstilte verdiane, slik desse kan vere noko unøyaktige. Frå tabell 6 ser vi at nokre kommunar har særstakt høg del renteeksponert gjeld i høve til brutto driftsinntekter. Ulstein kommune har klart høgst del renteeksponert gjeld i fylket (lånegjelda er òg hovudsakleg finansiert gjennom sertifikatlån, meir enn 80 prosent ved utgangen av 2016). Dette inneber ei betydeleg auke i rentekostnader ved rentehevingar.

Vidare er det nokre kommunar kor den renteeksponerte gjelda i prosent av brutto driftsinntekter auka betydeleg frå 2015 og 2016. Tabell 6 syner, i stigande rekkefølge, at Ørskog, Rauma, Smøla, Stordal og Haram har auka den renteeksponerte gjelda frå i overkant av 20 prosent til meir enn 35 prosent i høve til driftsinntektene gjennom 2016. Dette følger naturleg av høge investeringar i desse kommunane i 2016.

For ein del kommunar har det vore relativt små endringar i den renteeksponerte gjelda i prosent av brutto driftsinntekter i heile treårsperioden. Sjølv om nokre kommunar òg har redusert denne delen av gjelda, så er likevel tendensen meir renteeksponert gjeld for kommunane i Møre og Romsdal.


3.2.1 FINANSIERING AV LANGSIKTIG GJELD MED KORTE LÅN

Lånegjelda til kommunane er om lag fordobra sidan 2008. Dette skuldast blant anna at ansvarsområda til kommunane har blitt utvida, og dessutan ein rask befolkningsvekst dei siste åra. Det har frå fleire hald vore uttrykt bekymring for kommunane sin vekst i lånegjelda, samtidig som at det har funne stad ein kraftig vekst i kortsiktig gjeld. Mykje av veksten er kome i marknaden for gjeldspapir med laupetid opp til 12 månader, såkalla sertifikat. Det må presiserast at sertifikatlån og andre kortsiktige avtaler til finansiering av formål i samsvar med kommunelova § 50 blir klassifisert som langsiktig gjeld, sjølv om laupetida er under eitt år, jf. KRS nr.1.

Denne auka i korte lån har bidratt til at kommunane utgjer meir enn ein tredjedel av den norske sertifikatmarknaden, og ser ein bort frå staten si kortsiktige opplåning, over to tredjedeler.

Grunnen til at kommunane tar opp korte lån, er sjølvsagt først og fremst pris. Lån med kortare laupetid er billigare enn lån med lengre laupetid, men forskjellen i pris mellom korte og lange lån er òg klart større i dag enn kva den var for nokre år sidan. Strengare kapitalkrav til bankane sin eigenkapital, noko som òg gjeld for Kommunalbanken, som har kundar som eigentleg ikkje kan gå konkurs, har bidratt til å auke kapitalkostnadane og avgrense utlånsvolum. Dette gir dyrare utlån. Dette gjer låneopptak i kapitalmarknadane, kor sertifikatlån og obligasjonslån er dominerande, meir attraktivt.

Figur 10
**Kommuneforvaltninga si innanlandske bruttogjeld frå år 2000
 til i dag i millionar kroner**




Figur 10 syner den bratte veksten i lånegjelda for kommunane dei seinare åra, og den prosentvis sterke veksten i sertifikatgjeld frå 2008. Storleiken på sertifikatgjeld er markert med raudt/burgunder.

Nedanfor i figur 11 er endringa i samansetninga av gjelda i kommunane si låneportefølje framstilt eksplisitt.

Figur 11

Samansetninga av gjelda til kommunane har endra seg




I figur 12 ser vi ei framstilling av den relative storleiken til kommunane i sertifikatmarknaden i forhold til andre aktørar. Kommunane er markert med raudt i figurane.

Korte lån krev laupande refinansiering. Refinansieringsrisiko for kommunane er risikoen ved å måtte refinansiere lån til betydeleg dårlegare vilkår. Kor stor eller kor viktig denne risikoen er, er det delte meningar om.

For andre aktørar på etterspørslssida i lånemarknadane kan risikoen vere betydeleg ved finansiering med sertifikat. For private verksemder vil usikkerheit rundt betalingsevne kunne sende prisen på låna rett til vers, eller til og med føre til at verksemda blir avskoren frå å ta opp nye lån. Dessutan vil omkostningane ved opptak av sertifikatlån kreve ein viss storlek i låneopptaka. Dermed er det ikkje unaturleg av kommunar er store aktørar i sertifikatmarknaden, jf. figur 12.

Figur 12

Kommunane er store i sertifikatmarknaden



Kjelde: KMD


Kommunar (og fylkeskommunar) som har sertifikatlån er i figur 13 nedanfor plotta i eit diagram med sertifikatlån i prosent av langsigkt gjeld langs den horisontale aksen, og sertifikatlån i prosent av kommunane sin likviditet langs den vertikale aksen. Figuren bygger på data frå utgangen av 2016. Det er hefta betydeleg usikkerheit knyta til rapporteringa frå kommunane, slik at kvaliteten på dataa er usikre. Likviditeten omfattar her kommunane sine bankinnskot og plasseringar i sertifikat, obligasjonar og aksjar. Likviditeten kan variere ein god del innanfor eit kort tidsrom. Kommunar som må refinansiere eit betydeleg beløp innanfor eit gitt tidsrom og ikkje har tilstrekkeleg likviditet kan vere i ein ugunstig posisjon i tider med vanskelege lånemarknader.

Seks kommunar frå Møre og Romsdal er merka av i diagrammet, totalt ti kommunar i Møre og Romsdal har oppgitt å ha sertifikatlån i 2016. Vi ser blant anna frå figur 13 at Haram i svært stor grad nyttar sertifikatlån til å finansiere anlegg og bygningar etc., det vil seie langsiktig lån, jf. kommunelova § 50.

Sertifikatlån i prosent av likviditeten er likevel ikkje spesielt høg. Er sertifikatlån i prosent av likviditeten i kommunen under 100, målt langs den vertikale aksen, så vil ikkje kommunane vere nøydde til å ta opp nye lån for å kunne løyse inn sertifikatlåna ved forfall.

Figur 13

Sertifikatlån som del av langsiktig gjeld og finanzielle omlaupsmidlar



Kjelde: KMD

Frå figur 13 ser vi at Kristiansund og Ulstein har omrent den same høge delen av langsiktig gjeld i sertifikatlån som Haram, men desse kommunane har ein mykje høgare del sertifikatlån i prosent av kommunen sin likviditet, høvesvis 630 og 510 prosent. Kristiansund og Ulstein kommune har dermed

ein mykje høgare refinansieringsrisiko enn Haram, sjølv om delen av sertifikatlån av langsiktig gjeld er omtrent lik for dei tre kommunane.

I finansforskrifta er det kome nye regler for kortsiktige lån i kommunane. Endringane trødde i kraft 1. januar 2017. Dei nye reglane er ein konsekvens av den store veksten i lånefinansiering av korte lån, som vi kunne sjå i figur 10.

Den nye føresegna presiserer kommunestyret sitt ansvar for å vurdere og ta stilling til risiko som er knytt til opptak av lån med kort laupetid. Kommunestyra skal dermed bestemme rammene for gjeldsforvaltninga òg for kortsiktige lån. Tilgjenge til lånefinansiering i kortsiktige lån, skal vere gitt i finansreglementet. Vidare har administrasjonen opplysningsplikt overfor kommunestyret om lån som må refinansierast innan tolv månader, slik at refinansieringsrisikoen blir synleggjort.

Dei nye reglane legger likevel ikkje føringar for kva kommunane sjølve ser på som den beste finansieringsløysinga, og avgrensar dermed ikkje kommunane sitt tilgjenge til å ta opp lån i sertifikatmarknaden, utover dei avgrensingar dei eventuelt pålegg seg sjølve.

Kommunane skal vedta nytt finansreglement i kvar kommunestyreperiode. Om lag halvparten av kommunane i Møre og Romsdal har per mars 2017 enno ikkje gjort dette. Dei nye finansreglementa skal innehalde vurderingar og betraktnigar rundt refinansieringsrisiko.


4 FOND

Oppbygging av midlar i fond er viktig for at kommunane skal kunne ha eit godt økonomisk handlingsrom. Midlar på disposisjonsfond kan nyttast både til drifts- og investeringsføremål, og vil dermed kunne vere ein buffer mot ubalansar i kommuneøkonomien. Det er anbefalt at disposisjonsfond minst bør vere på fem prosent av brutto driftsinntekter.

Utviklinga i disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter for Møre og Romsdal og landet utanom Oslo, er framstilt i figur 14 for perioden 2003 til og med 2016. Vi ser at kommunane i Møre og Romsdal i heile perioden har hatt færre midlar på disposisjonsfond samanlikna med kommunane i resten av landet. Vi ser òg at utviklinga i disposisjonsfond mellom fylket og landet har følgd kvarandre tett. Avviket eller brotet i trenden, jf. trendlinjene, skuldast hovudsakleg åra 2013 og 2014.

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter har aldri vore høgare enn i 2016 for perioden, dette gjeld både for Møre og Romsdal og landet.⁴ Dei åra med største vekst i disposisjonsfonda til kommunane, er nært knyta til år med høge netto driftsresultat, til dømes 2006 og 2016.

Figur 14
Historisk utvikling i disposisjonsfond i prosent av BDI
2003 - 2016



Tabell 7 syner i tillegg til disposisjonsfond, òg ubundne investeringsfond i prosent av brutto driftsinntekter for kommunane i Møre og Romsdal. Ubundne investeringsfond kan berre nyttast til

⁴ Frå og med 2014 skal ikkje mva-kompensasjon knyta til investeringsregnskapet inkluderast i berekninga av brutto driftsinntekter.

Kommunar	Tabell 7					
	Ubundne investeringsfond			Disposisjonsfond		
	2014	2015	2016	2014	2015	2016
Molde	5,5 %	5,0 %	4,8 %	0,6 %	0,7 %	2,5 %
Ålesund	2,8 %	2,6 %	3,7 %	0,6 %	0,7 %	0,8 %
Kristiansund	0,1 %	0,1 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %
Vanylven	0,5 %	0,2 %	0,0 %	2,3 %	1,9 %	3,7 %
Sande	15,3 %	15,3 %	14,0 %	1,7 %	0,0 %	0,0 %
Herøy	1,3 %	1,4 %	1,3 %	1,8 %	1,3 %	2,6 %
Ulstein	3,5 %	11,7 %	8,3 %	4,7 %	3,7 %	5,4 %
Hareid	0,8 %	1,3 %	0,3 %	0,0 %	0,4 %	1,0 %
Volda	8,4 %	8,4 %	7,5 %	2,3 %	4,9 %	7,9 %
Ørsta	2,0 %	1,9 %	1,8 %	1,7 %	3,8 %	7,2 %
Ørskog	0,0 %	4,0 %	3,9 %	6,8 %	6,3 %	1,0 %
Norddal	13,9 %	13,9 %	13,9 %	2,5 %	0,2 %	0,4 %
Stranda	0,3 %	0,1 %	0,0 %	0,7 %	1,7 %	1,5 %
Stordal	28,2 %	32,9 %	28,3 %	13,6 %	11,0 %	8,1 %
Sykylven	0,6 %	0,1 %	0,2 %	0,5 %	0,2 %	1,0 %
Skodje	6,7 %	5,6 %	9,2 %	4,4 %	8,6 %	9,2 %
Sula	10,0 %	10,3 %	10,4 %	12,2 %	11,8 %	12,8 %
Giske	23,1 %	24,6 %	19,1 %	2,5 %	0,1 %	0,5 %
Haram	41,6 %	41,6 %	39,9 %	1,7 %	2,4 %	1,7 %
Vestnes	19,5 %	0,6 %	0,3 %	0,3 %	0,2 %	0,3 %
Rauma	1,6 %	6,2 %	5,4 %	0,5 %	0,5 %	0,7 %
Nesset	0,9 %	0,9 %	1,0 %	1,4 %	0,7 %	2,7 %
Midsund	8,4 %	8,2 %	6,9 %	2,7 %	3,5 %	4,4 %
Sandøy	45,1 %	45,4 %	42,7 %	28,6 %	27,9 %	21,1 %
Aukra	7,0 %	1,3 %	1,3 %	38,5 %	47,2 %	67,4 %
Fræna	14,4 %	14,0 %	12,9 %	0,3 %	1,4 %	5,3 %
Eide	7,5 %	3,5 %	2,8 %	8,5 %	7,7 %	9,0 %
Averøy	0,5 %	0,1 %	0,4 %	0,9 %	1,4 %	3,3 %
Gjemnes	5,7 %	4,8 %	4,6 %	0,3 %	4,4 %	5,9 %
Tingvoll	1,8 %	1,5 %	1,3 %	4,2 %	3,9 %	4,0 %
Sunndal	2,4 %	2,2 %	2,1 %	11,6 %	12,0 %	13,8 %
Surnadal	1,2 %	0,1 %	0,0 %	9,1 %	6,8 %	8,6 %
Rindal	0,0 %	0,0 %	1,0 %	10,4 %	4,7 %	7,9 %
Halsa	1,3 %	1,3 %	1,2 %	5,4 %	6,8 %	11,1 %
Smøla	2,4 %	6,3 %	10,0 %	5,7 %	6,2 %	5,7 %
Aure	1,2 %	1,1 %	1,1 %	12,1 %	14,4 %	15,1 %
M & R	6,3 %	5,9 %	5,6 %	3,6 %	4,0 %	5,5 %
Landet u/Oslo	6,6 %	6,4 %	6,0 %	6,4 %	6,7 %	8,3 %


finansiere investeringar, men det er ingen restriksjonar ut over det. Midlar på ubundne investeringsfond oppstår typisk av sal av aksjar eller fast eigedom. Tabellen syner at ubundne investeringsfond varierer mykje mellom dei einskilde kommunane.

Frå tabell 7 ser vi at mange kommunar i fylket knappast har bygd opp eit disposisjonsfond i det heile. Frå figur 14 såg vi at midlar plassert på disposisjonsfond aldri har vore større i Møre og Romsdal enn i 2016. Det kan dermed ikkje seiast å ha vore etablert ein kultur for avsetningar i frie fond blant kommunane i fylket tidlegare.

5 GARANTIAR

Kommunane har anledning til å stille garantiar til ein tredjeperson sine økonomiske forpliktingar kor dette kan vere i kommunen sin interesse. Dette kan vere tiltak som er formålstenlege frå kommunen sin ståstad og som ikkje vil bli realisert utan ein communal garanti. Kommunane kan likevel ikkje stille økonomiske garantiar overfor næringsverksemd som ikkje er drive av kommunen sjølv. Reglane for kommunale garantiar finn ein i kommunelova § 51 og tilhøyrande forskrift.

Figur 15 syner det samla garantiansvaret i kroner per innbyggjar for den einskilde kommune i Møre og Romsdal ved utgangen av 2016. Garantibeløpa er henta frå rekneskapen til kommunane for 2016, medan innbyggartala i kommunane er basert på innbyggartalet per 1. kvartal 2017. To tredjedelar av kommunane har eit garantiansvar som er mellom knappe 2000 kroner og dryge 5000 kroner per innbyggjar, medan fem kommunar har eit garantiansvar på meir enn 10 000 kroner per innbyggjarar, kor Norddal kommune har eit garantiansvar på 27 797 kroner som det klart største. Sandøy kommune derimot, har ikkje påtatt seg garantiansvar.




I oversikta over garantiansvaret til kommunane i figur 15 er det ikkje skilja mellom sjølvskuldnarkausjon og såkalla simpel kausjon, sidan denne distinksjonen kan vere noko uklar i notane som omhandlar

garantiar i nokre av kommunane sine rekneskapar. Sjølvskuldnarkausjon tillèt kreditor å gå direkte på garantisten ved misleghald, i motsetnad til ein simpel kausjon kor ansvaret til kommunen er knyta til midlar som kreditor ikkje får dekka frå verksemda det blir gjeve økonomisk garanti overfor. Risikoen ved sjølvskuldnarkausjon er dermed betydeleg større for kommunen enn samanlikna med simpel kausjon. Det kan sjølvsagt òg vere stor forskjell i den risiko som kommunane tar på seg, innanfor dei to kausjonistkategoriane.

Som ei følge av at risikoene er lågare for til dømes ein bank ved sjølvskuldnarkausjon, vil rentevilkåra kunne vere noko betre for låntakar, men kommunane bør gjere ei vurdering på om dei vil stille sjølvskuldnargaranti framfor simpel garanti og dermed ta på seg den meirrisikoene det inneber.

Figur 16 syner kva typar føremål det blir innvilga garantiar for. Figur 16 er basert på data for eit par år tilbake, men det er grunn til å tru at det garantiføremåla ikkje skil seg nemneverdig frå i dag.

Figur 16
Sektorvis garantiføremål, nasjonalt nivå



Kjelde: KMD


Vi ser at det er innanfor vatn, avløp og renovasjon (VAR) at kommunane har høgast garantiansvar, men òg innanfor områda idrett og kultur, helse og barnehagar er kommunen ein betydeleg kausjonist.

6 FOLKETALSENDRING OG PROGNOSE

Inntektssystemet for kommunesektoren er nært knyta til innbyggartal og demografiske tilhøve. Innbyggartilskotet blir løyvd over statsbudsjettet og fordelt blant anna etter folketal og demografi. Eit høgare innbyggartal gjev ein større skattebase, men òg alderssamsetninga i befolkninga vil naturlegvis vere ein viktig faktor for storleiken på denne.

Figur 17


Endring i folketal frå 1.1.2007 til 31.12.2016



Kartet i figur 17 gjev ei relativt grov oversikt over vekst og nedgang i folketal i kommunar i Møre og Romsdal for tiårsperioden frå 1. januar 2007 til 31. desember 2016. I fylket var det ein vekst i folketalet på 8,5 prosent i denne perioden til 266 274 innbyggjarar ved utgangen av 2016. I same periode har folketalet i Noreg vokse med 12,3 prosent. Kartet syner at det er stor sett er ved kysten, med unntak av heilt sør og i nord, og ved dei store bysentera at veksten har funne stad. Ved unntak av Vanylven og

Norddal, som dessutan har hatt den største relative tilbakegangen i folketal i denne perioden, så er nedgangen i tal innbyggjarar å finne i nordlege og indre delar av fylket.

Figur 18
Folketalsendring 1.1.2016 - 31.12.2016




Figur 18 syner at det er 22 kommunar i Møre og Romsdal som har hatt vekst i folketalet det siste året. To kommunar heilt nord i fylket hadde størst prosentvis vekst i innbyggartalet i 2016. Både

Halsa og Aure hadde ein nedgang i innbyggartalet året før. Vi ser òg frå figur 18 at Kristiansund hadde ein tilbakegang i innbyggartalet i 2016, medan veksten i Ålesund og fleire kommunar kring Ålesund har ei meir positiv utvikling i innbyggartal samanlikna med dei fleste andre kommunane i fylket.

I Noreg var veksten i folketalet i 2016 på snaue 0,9 prosent, medan for Møre og Romsdal var dette talet knappe 0,4 prosent.

Figur 19

Prognose for endring i folketalet frå 2017 til 2027



Kartet i figur 19 syner prognosene for hovudalternativet til SSB over veksten i folketalet i Møre og Romsdal fram mot år 2027. Folketalsveksten i fylket er venta å bli i overkant av sju prosent i denne perioden, medan for landet er veksten venta å bli nesten ti prosent. Denne prognosene er framskriven på bakgrunn av endringar i innbyggartala i dei føregåande åra, og vil ikkje vere meir treffsikker enn kva denne innskrenkinga tillèt. Dette inneber ei vidareføring av vekstutviklinga for kommunane, noko som kan gjere prognosene mindre treffsikker for einskilde kommunar.

Tabell 8

Framskrivne utvikling for fem ulike aldersgrupper, hovudalternativet (SSB)

	0-5 år		6-15 år		16-19 år		20-66 år		67 år +	
	2017	2027	2017	2027	2017	2027	2017	2027	2017	2027
Molde	1843	2056	3135	3498	1321	1367	16427	17083	4267	5612
Ålesund	3326	3736	5649	5908	2376	2357	29363	31452	6563	8671
Kristiansund	1540	1685	2891	2871	1226	1254	15097	15801	3946	5363
Vanylven	148	153	317	270	205	121	1796	1441	752	886
Sande	126	140	272	245	136	108	1517	1429	506	603
Herøy	597	606	1162	1095	488	483	5312	5279	1446	1846
Ulstein	619	715	1197	1195	512	500	5153	5957	1092	1469
Hareid	402	391	646	720	310	294	3088	3162	796	1015
Volda	568	789	1167	1183	489	524	5483	5835	1466	1802
Ørsta	752	766	1368	1335	551	610	6272	6257	1804	2239
Ørskog	153	156	296	294	116	136	1367	1369	400	529
Norddal	86	84	197	143	108	74	901	759	349	396
Stranda	269	326	520	495	255	201	2650	2653	907	970
Stordal	46	60	154	93	62	55	581	572	180	221
Sykylven	483	454	1012	806	437	402	4502	4297	1222	1631
Skodje	408	447	633	763	258	339	2844	3216	587	826
Sula	797	750	1254	1374	493	586	5309	5850	1208	1629
Giske	684	729	1195	1255	460	534	4832	5466	1059	1479
Haram	632	595	1142	1099	508	470	5374	5327	1562	1965
Vestnes	380	412	766	707	349	312	4014	3874	1104	1500
Rauma	494	432	885	855	343	357	4318	4122	1433	1737
Nesset	166	171	306	283	158	121	1746	1577	584	716
Midsund	153	154	283	277	121	112	1139	1208	397	436
Sandøy	71	72	156	127	75	62	714	672	259	306
Aukra	250	278	495	491	194	218	2017	2278	608	714
Fræna	699	716	1280	1241	487	502	5805	5931	1510	2014
Eide	223	222	508	401	183	202	2025	1991	536	714
Averøy	371	391	747	703	293	312	3455	3515	979	1340
Gjemnes	162	125	331	254	135	108	1455	1368	508	632
Tingvoll	174	165	351	325	161	152	1766	1740	664	756
Sunndal	414	417	816	792	426	339	4273	4141	1269	1650
Surnadal	337	377	668	681	338	263	3486	3390	1154	1436
Rindal	135	133	241	250	111	93	1133	1180	428	464
Halsa	69	69	175	146	75	67	851	743	378	452
Smøla	106	117	231	197	100	92	1266	1152	438	570
Aure	176	183	389	330	195	158	2018	1930	735	889
M & R	17859	19072	32835	32702	14055	13885	159349	164017	43096	55478
Noreg	368210	402407	632491	649494	261931	273218	3242088	3468341	765832	981262

Kartet over fylket vil naturleg nok ikkje sjå slik ut i 2027, med kommunar som slår seg saman, og vidare to kommunar som forlèt fylket. Hornindal kommune dannar dessutan frå 1. januar 2020 nye Volda kommune. Prognosene for veksten i innbyggartalet for den einskilde kommunen vil truleg for dei fleste framleis vere relevant i nokolunde same grad som tidlegare.

Frå figur 19 ser vi at veksten kring dei tre største byane er venta og halde fram, medan indre delar av Sunnmøre vil oppleve stagnasjon og tilbakegang i folketalet. Indre delar av Nordmøre vil derimot, ifølge SSB, oppleve ein liten positiv framgang i folketalet fram mot år 2027.

Tabell 8 ovanfor syner framskriven utvikling til år 2027 for fem ulike aldersgrupper for kommunane i Møre og Romsdal. Tala er basert på same tilnærming som for berekningane ovanfor. Vi ser frå tabell 8 at i aldersgruppene 16 – 19 år og 6 – 15 år, vil det vere ein nedgang i tal personar frå 2017 til 2027 i Møre og Romsdal. I aldersgruppa 67 år og eldre, vil derimot tal personar auke med nær 29 % frå 2017 til 2027.

7 EIGEDOMSSKATT

Tabell 9 Kommunar	Eigedomsskatt i prosent av BDI	Skatt på annan eigedom	Skatt på bu- stader & fri.eien.
Molde	4,3	0,2	4,1
Ålesund	2,8	0,4	2,3
Kristiansund	4,2	1,3	3
Vanylven	0	0	0
Sande	0	0	0
Herøy	0	0	0
Ulstein	0	0	0
Hareid	1,5	0	1,5
Volda	2	0,5	1,5
Ørsta	2,4	0,7	1,7
Ørskog	0	0	0
Norddal	10,3	10,3	0
Stranda	3,6	1,8	1,8
Stordal	0	0	0
Sykylven	2,1	0	2,1
Skodje	2,2	0,3	1,9
Sula	0	0	0
Giske	2	0,2	1,8
Haram	0	0	0
Vestnes	1,5	0,3	1,2
Rauma	4,1	2,2	1,8
Nesset	7,3	5	2,3
Midsund	0	0	0
Sandøy	1,3	1,3	0
Aukra	40,1	40,1	0
Fræna	6,8	3,8	2,8
Eide	0	0	0
Averøy	6,6	2	4,6
Gjemnes	4,3	1	3,2
Tingvoll	3,5	1,2	2,3
Sunndal	10,5	9,9	0,6
Surnadal	4,5	3,1	1,5
Rindal	6,3	3,5	2,8
Halsa	3,5	1,3	2,2
Smøla	5,1	5,1	0
Aure	9,9	9,9	0
M & R	4,2	2,4	1,8
Landet u/Oslo	3,2	1,6	1,6

Ti kommunar i Møre og Romsdal skreiv ikkje ut eigedomsskatt i 2016. Tabell 9 syner eigedomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter for 2016.

Den totale eigedomsskatten i kommunane er gitt i den venstre kolonnen i tabell 9.


Aure, Norddal, Sunndal og i særleg grad Aukra har betydelege inntekter frå eigedomsskatt på «verker og bruk».

Inntektene frå eigedomsskatten prosent av brutto driftsinntekter er noko høgare i Møre og Romsdal enn i resten landet i 2016, nærmare bestemt eitt prosentpoeng.

8 ROBEK

Før endringa av kommunelova i 2001 måtte alle kommunar og fylkeskommunar ha godkjenning av departementet/fylkesmannen for å foreta gyldige vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtalar. Ved den nye kommunelova blei berre dei kommunane som ikkje hadde tilstrekkeleg styring og kontroll på økonomien, underlagt kontroll frå staten av dei økonomiske disposisjonane.

Frå figur 20 ser vi at tal kommunar registrert i ROBEK har vore nokolunde stabilt i perioden 2008 til 2016 på landsbasis, med ein variasjon mellom 42 og 51 registreringar. Det same har ikkje vore tilfellet når det gjeld kommunane i Møre og Romsdal. Fram til utmeldinga av ROBEK for seks kommunar




i sommar, var Møre og Romsdal det fylket i landet med flest registreringar i ROBEK i 2016. Talet på ROBEK-kommunar i fylket er no fire. Rett nok er det mange kommunar i fylket, berre Nordland har fleire, men Møre og Romsdal var til no i sommar uansett kraftig overrepresentert med registreringar på ROBEK; 27,8 prosent av kommunane i fylket versus 10,9 prosent på landsbasis.

Mange kommunar i fylket har vore registrert i ROBEK fleire ganger, og eit par kommunar har vore innmeldt i ROBEK heilt sidan oppstarten med unntak av eit par år. Både Hareid og Sykkylven som tilhøyrar sist nemte kategori, har no blitt meldt ut av ROBEK.

Åtte kommunar i Møre og Romsdal har aldri vore registrert i ROBEK. Seks av desse er frå Nordmøre, medan Haram og Aukra, er høvesvis Sunnmøre og Romsdal sin representant.

Figur 21

ROBEK-kommunar i Møre og Romsdal 2017




Kommunane som har blitt meldt ut av ROBEK i sommar er markert med grønt i kartet i figur 21, medan kommunar som framleis er registrert i ROBEK er markert med raudt. Kommunar som hadde eit underskot i rekneskapen i 2016 er markert med gult. I tillegg til Midsund fekk også Sande kommune eit underskot i rekneskapen for 2016 (men er markert med raudt som ROBEK-kommune).

Frå kartet ser vi at dei fire kommunane som framleis er innmeldt i ROBEK, har alle tilhaldsstad på Sunnmøre.

APPENDIKS


Figur A-1 syner netto lånegjeld per innbyggar for kommunane i Møre og Romsdal ved utgangen av 2016.



Figur A-2 syner brutto driftsutgifter og netto driftsutgifter per innbyggjar i 2016 for kommunane i Møre og Romsdal. Tala seier ikkje noko om kvaliteten i tenestene. For brutto driftsutgifter syner tala einingskostnaden ved den totale kommunale verksemda, og kan vere ein indikator på produktivitet.

Netto driftsutgifter er driftsutgiftene inkludert avskrivingar etter at driftsinntektene, er trekt frå. Dei resterande utgiftene må bli dekt av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringer frå staten mv. Netto driftsutgifter per innbyggjar kan være en prioritiseringsindikator.

Figur A-2
Driftsutgifter per innbyggjar, 2016



KJELDER

Kommunal– og moderniseringsdepartementet 2015. Rapport frå Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi – [November 2015](#)

Kommuneproposisjonar:

Kommuneproposisjonen 2017

Kommuneproposisjonen 2018

Rapport: Oppdaterte prognosør for norske kommuner fram mot 2040: Investeringer og gjeld.

Menon-publikasjon nr.31/2017

<http://www.menon.no/wp-content/uploads/2017-31-Prognoser-kommunale-investeringer-2017-2040.pdf>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---forskrift-om-kommuners-og-fylkeskommuners-finansforvaltning---kortsiktige-laneopptak/id2500240/>

Statistisk sentralbyrå:

www.ssb.no/statistikkbanken/offentlig-sektor/kostra

www.ssb.no/statistikkbanken/befolking

Rapporten er tilgjengeleg på heimesida vår:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/Kommuneøkonomi>



Fylkesmannen i Møre og Romsdal | Fylkeshuset | pb 2520, 6404 MOLDE | Telefon: 71 25 84 00 | fmmpostmottak@fylkesmannen.no | org.nr: 974764067

